



Sveio kommune,  
Postboks 40,  
5559 Sveio

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Håvard Rød, 5557 2143

## Sveio kommune - budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024

Sveio kommunestyre har i møtet 07. desember 2020, sak 127/20, handsama og vedteke budsjett 2021 og økonomiplan for 2021-2024. Vi har motteke saksdokumenta til orientering.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer vi at budsjett og økonomiplan er i balanse. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis vi vurderer kommunen sin økonomi og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Som følge av covid-19 får kommunane ulike utfordringar med økonomien. Våre vurderingar er gjorde med grunnlag i kommunen sitt opphavlege budsjett og økonomiplan, og vi vil følge konsekvensane av covid-19 særskilt opp i samband med statlege tiltak som blir sette i verk.

### Oppsummering

Det er viktig at kommunen arbeider for at dei faktiske netto driftsresultata i år og dei komande åra blir vesentleg betre enn det som er vedteke i budsjettet og økonomiplanen. Dei faktiske netto driftsresultata bør vere på det nivået kommunen har lagt til grunn som målsetjing, det vil seie minst 1,25 prosent av driftsinntektene.

Kommunen bør ha ei målsetjing om at lånegjelda i liten grad aukar utover noverande nivå. Dette er særleg viktig på bakgrunn av kommunen sine låge inntekter og pårekna svake netto driftsresultat i heile planperioden 2021-2024.

### Budsjett 2021

I rekneskapen for 2020 er det eit netto driftsoverskot med om lag kr 9,8 mill. Det utgjer 1,9 prosent av driftsinntektene.

Netto driftsoverskot i budsjettet for 2021 er om lag kr 2,4 mill. Det utgjer 0,5 prosent av driftsinntektene.



Kommunen har budsjettert med kr 155,0 mill. i skatt på eige og inntekt for 2021. Ordinær skatt og rammetilskot er budsjettert med til saman kr 357,2 mill.

Inntektsprognosen for 2021 er oppdatert med innkomen skatt i 2020. Skatt og rammetilskot er ikkje budsjettert for høgt samanlikna med den siste inntektsprognosen. Kompensasjon for koronapandemien inngår i denne prognosen.

Kommunen har eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen. Det er budsjettert med eigedomsskatt kr 3.175.000,- for i år. Innkomen eigedomsskatt i 2020 var i underkant av kr 3,0 mill.

Det er lagt til grunn eit utbytte frå Haugaland Kraft AS med kr 9,4 mill., som er ein liten reduksjon frå utbytte kr 9,5 mill. i 2020.

Det er budsjettert med flyktingtilskot på kr 7,5 mill. i 2021. Det er lagt til grunn ei utbetaling på kr 4,0 mill. frå Havbruksfondet i år, som er ein vesentleg reduksjon frå 2020.

Det er budsjettert med kr 20,7 mill. i ordinære avdrag (utanom avdrag på formidlingslån). Dette oppfyller minimumskravet for ordinære avdrag i kommunelova.

I 2021 er det planlagt brutto investeringar for til saman kr 26,65 mill. Av dette utgjer avgifts-finansierte investeringar i vassverk og avlaup til saman kr 5,5 mill. Investeringane er i hovudsak planlagt lånefinansierte. Kommunestyret har godkjent ei låneramme på inntil kr 22.660.000,- til investeringsføremål. Dessutan blir investeringane finansierte med momskompensasjon og overføring frå drifta m.m.

Kommunen si brutto langsiktige lånegjeld ved utgangen av 2020 var kr 503,7 mill. Det utgjorde 98,9 prosent av sum driftsinntekter, eller om lag kr 86.900,- per innbyggjar. Etter fråtrekk for utlån og unytta lånemidlar, er netto lånegjeld rekna til 94 prosent av brutto driftsinntekter.

### **Økonomiplan 2021 - 2024**

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyret sine prioriteringar og løyvingar og dei mål og premisser som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

I økonomiplanen er det lagt opp til netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene på 0,1 prosent i 2022, -0,3 prosent i 2023 og -0,2 prosent i 2024. Dei svake pårekna resultata i planperioden har samband med vedtak om å ta bort eigedomsskatten. Eigedomsskatten er planlagt halvert i 2022 og planlagt teken heilt bort i dei påfølgjande åra.

Kommunen sitt disposisjonsfond var kr 91 ½ mill. ved utgangen av 2020. Det utgjorde 18 prosent av driftsinntektene. I økonomiplanen er det for perioden 2021-2024 lagt opp til bruk av disposisjonsfond, jamfør pårekna netto driftsunderskot.

Det er lagt opp til eit relativt høgt investeringsnivå i 2022 som følgje av investering i Sveio Barnehage. Planlagt gjeldsauke i planperioden vil vere knytt til denne investeringa.



### **Finansielle måltal**

Etter kommunelova § 14-2 bokstav c skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal (handlingsreglar) for utvikling av kommunen sin økonomi. Finansielle måltal skal brukast i planlegging og styring, som grunnlag for å ta i vare den økonomiske handleevna over tid.

Kommunestyret har vedteke følgjande handlingsreglar/finansielle måltal:

- Netto driftsresultat skal vere minimum 1,25 prosent av brutto driftsinntekter
- Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal ikkje vere høgare enn 80 prosent
- Netto renteesponert gjeld skal ikkje utgjere meir enn 35 prosent av kommunen sine brutto driftsinntekter
- Kommunen skal ha eit disposisjonsfond på minst 10 prosent av driftsinntektene

Målsetjinga om netto driftsoverskot på 1,25 prosent av driftsinntektene er noko lågare enn den generelle tilrådinga for kommunane på 1,75 prosent. Bakgrunnen er at kommunen har eit svakt inntektsgrunnlag med eit særleg lågt skattenivå.

### **Statsforvaltaren sine vurderingar**

Kommunen hadde eit positivt resultat i 2020. Resultatet har samanheng med særskilde tiltak for kommunane som følgje av koronapandemien og mindre aktivitet. Dessutan fekk kommunen ei relativt stor utbetaling frå Havbruksfondet, som blir vesentleg mindre i år. Det positive resultatet for 2020 var difor i stor grad ekstraordinært.

Det er lagt opp til svake netto driftsresultat i heile planperioden. I åra 2023 og 2024 er det planlagt netto driftsunderskot for begge åra. Dei pårekna resultata i heile planperioden er vesentleg svakare enn det kommunen har som målsetjing på 1,25 prosent av driftsinntektene.

Dei svake pårekna resultata har samanheng med at kommunen har eit svært lågt ordinært skattenivå. Sjølv om inntektsutjamninga delvis kompenserer dette, er summen av ordinær skatt og inntektsutjamning vesentleg lågare enn for landsgjennomsnittet av kommunane. Dessutan vil inntektene i dei komande åra bli svekte når eigedomsskatten blir teken ut.

Det er på denne bakgrunn viktig at kommunen arbeider for at dei faktiske netto driftsresultata i år og dei komande åra blir vesentleg betre enn det som er vedteke i budsjettet og økonomiplanen. Dei faktiske netto driftsresultata bør vere på det nivået kommunen har lagt til grunn som målsetjing, det vil seie minst 1,25 prosent av driftsinntektene.



Kommunen si lånegjeld er høgare enn det som er vedteke som ei øvre ramme. Gjelda kjem til å auke i 2022 som følge av investeringa i Sveio Barnehage. Det er viktig at kommunen si lånegjeld ikkje aukar ytterlegare utover den gjeldsauken som er knytt til den nemnde investeringa. Kommunen bør ha målsetjing om at låne-gjelda i liten grad aukar utover noverande nivå. Dette er særleg viktig på bakgrunn av kommunen sine låge inntekter og pårekna svake netto driftsresultat i planperioden.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid  
fung. statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal  
kommunaldirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*